



## INNHALD

Ordføraren .....	2
Personalitytt.....	3
Kommuneplan .....	4
Ny-pensjonisten .....	6
Musikk for demente .....	10
Nytt frå Guddal .....	15
Friluftsvaka på Våge .....	16
Yksnebjør barnehage .....	18
Nytt UK .....	19
Frivillig i eitt år .....	20
Lys i Dale .....	25
FUTT i Fjaler.....	26
Brutreff .....	27
Å jul med din glede .....	28

## Sjå kor fine dei er...



Det er travelt, men sikkert også veldig moro, å vere helsesøster Hilde Søgner for tida. På biletet ser du eit knippe av dei 36 borna som er fødd i Fjaler hittil i år. I tillegg har ein fått tilflyttarar med små babyar. Biletet her er teke då nokre av dei var med på babysong i september. Dei gav inntrykk av at dei er ein gjeng vi kjem til å høyra meir til! Alle hadde på seg body med teksten «Fjalerbu med FUTT» og strikkesokkar gjeve i gåve frå Dale bygdekvinnelag.

**Les meir om FUTT i Fjaler på side 26.**



## Kommuneplan for Fjaler

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument og gjev rammer for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltninga av arealressursane. Kommunal planlegging skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål. I denne utgåva av Brua gjev vi ein liten introduksjon på kvifor vi har slike planar og kva du som innbyggjar kan gjere for å påverke.

**Les meir side 4.**

## ORDFØRAREN HAR ORDET



Ordførar  
ARVE HELLE

Tlf. 57 73 80 52  
Mobil 917 37 562

Epost:  
arve.helle@fjaler.kommune.no

ORDFØRAREN  
er å treffe i skranken  
på sørviskontoret første  
onsdag kvar mnd.  
kl. 09.00-11.30

## Gode fjalerbuar!

Resultata av nasjonale prøver i lesing for 5. og 8. årstrinnet vart lagt fram for ikkje lenge sidan. For Fjaler sin del var resultata gledelege. Vi er best i fylket og ligg langt føre landsgjennomsnittet, og er betre enn Oslo som ofte vert trekt fram i slike målingar.

I landsmåletstokk er Fjaler ein liten kommune. Vi har små skular og små klassar. Likevel scorar vi høgt på alle nasjonale målingar trass i at personar i sentrale posisjonar uttalar at skulane i småkommunar har dårleg kvalitet.

Sjølv om dei nasjonale prøvene ikkje måler alt, er dei likevel ein viktig indikator på læringsarbeidet. Vi vil ikkje at elevane skal «øve til prøve», dvs. berre trene for å oppnå godt resultat på prøvene, men at det jamne læringsarbeidet skal vere så godt at gode resultat vert ein naturleg følgje. For Fjalerskulane er det viktigaste med alle dei nasjonale målingane å analysere resultata slik at vi

kan sette inn rette tiltak. Dette er skulane bevisste på og det gjev resultat.

Sjølv om vi kan gjere ting betre, har vi god grunn til å vere stolte av skulane i kommunen og alt det gode arbeidet lærarane gjer. Det vert lagt eit godt grunnlag for at elevane våre skal få ein god start på utdanningsløpet. Utanom resultata inn- anfor skulen er også strukturen tid om anna eit tema i kommunestyret.

I samband med RO sin rapport om Fjalerskulen ba kommunestyret nemnda som jobba med rapporten om også å sjå på mogelege innsparingar ved endring av skulestrukturen. Denne saka vart handsama på sist møte i kommunestyret og – truleg til glede for mange – gjorde politikarane eit samrøystes vedtak om å ta nemnda sin rapport til orientering og ikkje gjere endringar i skulestrukturen.

Arve Helle

*Vi ønskjer alle små og store i Fjaler  
ei god og frededeleg jul og eit godt nytt år!*

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Rådgjevar Marit Hammer, tlf. 57 73 80 56

E-post: marit.hammer@fjaler.kommune.no

**REDAKSJON:**

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44. E-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no

Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08. E-post: kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no

Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20. E-post: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no

Redaksjon avslutta 29.11.2010.

Utgåver 2010: April - juni - desember (dobbelnummer). Opplag: 1 300

Informasjonsbladet BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuar etter nærare avtale.

Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.



Rådmannstaben. F.v. Annikken  
Myklebust, Ingvard Flekke,  
Ola Hovland og Marit Hammer.

## PERSONALNYTT - NOVEMBER



Åge Guddal.



Margunn Langeland.

*Bistand og omsorg*

- Elisabeth Offerdal er tilsett i 63% stilling som fagarbeidar i arbeidslag 5.
- Margunn Langeland er tilsett i 75% stilling som fagarbeidar i arbeidslag 5.
- Sylvi Joan Folkestad er tilsett i 59% stilling som fagarbeidar i arbeidslag 3.
- Gunn Wenche Nygaard er tilsett i 100% stilling som vernepleiar i arbeidslag 3.

*Guddal skule og barnehage*

- Eva Engen er tilsett i 100% stilling som assistent skule- og barnehageåret 10/11.
- Magne Sørдал er tilsett i 100% stilling som assistent skule- og barnehageåret 10/11.

*Dingemoen skule*

- Marianne Tønsberg er tilsett i 80% vikariat ut skuleåret 10/11.

*Fjaler ungdomsskule*

- Eli Terese Sande er tilsett i 30% stilling som inspektør.

*Yksnebjør barnehage*

- Gro Hauge er konstituert som styrar barnehageåret 10/11.

*Teknisk kontor*

- Åge Guddal er tilsett i 2-årig stilling som prosjektleiar.



*Fjaler sjukeheim takkar for minneblom i høve gravferdene til:*

*Herman Johan Midtbø,  
Odd Ulvedal og Margit Strand.*

## Innsamling av brukte frimerke, telekort m.m.

Har du brukte frimerke som kan sendast til Tubfrim, men som berre blir liggjande? Har du brukte telekort? Har du prospektkort eller anna av filatelistisk verdi? No kan du levere dette på sørviskontoret i Fjalerhuset! Dette er muleg fordi Tubfrim og sørviskontoret har inngått samarbeid om innsamling.

Om du har liggjande frimerke og telekort du skulle ha sendt, men ikkje «fomla» deg til å gjere, kan du ta dei med ein gong du har ærend til Dale. På sørviskontoret vil du finne ein innsamlingskasse til slik bruk. Sørviskontoret vil syte for vidareending til Tubfrim.

Tubfrim vart etablert i 1928 på Nesbyen, og er i dag eigd av Nasjonalforeningen for folkehelsen. Dei samlar inn brukte frimerke, alle typar telekort, prospektkort og andre ting av filatelistisk verdi. Dette sel dei vidare til samlarar og handlarar i inn- og utland. Overskotet av arbeidet går til helse- og trivselstiltak for funksjonshemma born og unge i Noreg, og til kampen mot tuberkulose. Overskotet siste år var kr 650 000. For meir informasjon – sjå [www.tubfrim.no](http://www.tubfrim.no)

## Julefeiring saman med fleire?

Nokon har store familiar, andre er færre og nokon er heilt åleine. Så kjem julekvelden. Kanskje vert du invitert heim til slektningar eller vener, kanskje takkar du ja eller takkar du nei?

Vi er nokon som har diskuterte dette. Og nokon har spurt om det kan arrangerast felles julefeiring i Fjaler. Då er det kanskje fleire som lurar på det same. Og kanskje er det til og med er par eller familiar som godt kan tenkje seg å feire i lag med andre?

Difor spør vi deg som les BRUA: har du lyst til å vere med og arrangere og/eller vil du gjerne berre vere gjest? Sidan det er første gongen vi er ute med dette spørsmålet, må vi på bakgrunn av responsen sjå korleis vi vil planleggje vidare.

Og korleis det vert til slutt, kor vi skal vere, kva det vil koste osv, vil syne seg på bakgrunn i dei ønskja som melder seg.

Altså: Meld frå snarast til Frivilligsentralen tlf. 57 73 80 20 eller på mobil 99 54 87 67 epost [mre@fjaler.kommune.no](mailto:mre@fjaler.kommune.no) om du er interessert i å arrangere og/eller delta i felles julefeiring 24. desember. Du finn kontoret til Frivilligsentralen i 3. et. på Dale senter.

## Kommuneplan

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan. Kommuneplanen består av samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument og gjev rammer for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltninga av arealressursane. Kommunal planlegging skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål.

### Arealdelen av kommuneplanen

Arealdelen er eit kart med føresegner for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnadar i heile kommunen.

Arealdelen skal vise kvar i kommunen utbygging kan skje og kva areal som skal brukast til landbruk, natur eller friluftsliv. Det kan utarbeidast kommunedelplan for bestemte område, tema- eller verksemdområde.

Arealdelen skal vere med på å sikre ei langsiktig, bærekraftig utvikling og forvaltning av areal-, natur-, og kulturmiljøressursane i kommunen.

Planen skal vise korleis viktige omsyn og forhold skal følgjast opp i detaljplanlegging, enkeltsakshandsaming og gjennom seinare forvaltning av areala.

## Reguleringsplanar



Connie Hovland jobbar med kommuneplanlegging på teknisk kontor

Reguleringsplan må utarbeidast når nokon har planar om større bygge- og anleggsarbeid eller når det er krav om det i overordna plan (arealdelen av kommuneplanen eller kommunedelplan).

Reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkyndige.

Reguleringsplanar kan utarbeidast som:

- Områderegulering (offentleg)
  - Detaljregulering (offentleg/privat)
- Ved vesentlege avvik frå arealdelen

er det krav om planskildring og konsekvensutgreiing.

### Planprosess reguleringsplan:

- Oppstartsmøte/søknad om oppstart
- Kunngjering oppstart av planarbeid (6 veker høyringsfrist)
- Utarbeide planutkast
- Framlegg til plan til handsaming i formannskapet – utlegging til offentlig ettersyn (6 veker høyringsfrist)
- Til handsaming – vedtak i kommunestyret
- Kunngjering av planen
- Eventuell klagehandsaming

## Korleis kan DU på- verke planarbeidet?

Du kan når som helst sende innspel til kommuneplanen med grunngjeving til kommunen. Forslaget vert arkivert og teke fram ved neste rullering av planen. Kommunen varslar elles i lokalpressa (Firda) og på nettsidene ved kvar rullering av planen og ber om innspel og gode råd om korleis planen bør justerast.

Alle planar vert utlagt til offentlig høyring 2 gonger:

- Varsel om oppstart av planarbeid
- Offentleg ettersyn av planframlegg

I samband med kommuneplanen vert det i tillegg opne informasjonsmøte.

Skal vi kunne lage gode planar, er det særst viktig med engasjement og




Kommuneplan 2009-2019

innspel frå innbyggjarane! Viktig å få innarbeidd nye utbyggingsområde i arealplanen. Då vert prosessen vidare mykje enklare! I reguleringsplanprosessen vert grunneigarar og naboar varsla med direkte brev. Høyringsinstansar er Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Statens vegvesen, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), lag og organisasjonar m.fl.

Meir informasjon om planar, planprosessar og kart finn du på kommunen si heimeside: [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) eller du kan ta direkte kontakt med oss på teknisk kontor.

Lover, forskrifter, retningslinjer og rettleiingsmaterieill finn du på Miljøverndepartementet si side: [www.planlegging.no](http://www.planlegging.no).



Kommunedelplankart, Dale.

## Lutelandet kan bli testsenter for Statoil

Statoil vurderer å gjere Lutelandet til eit testsenter for offshore vindkraft. Selskapet eig halvparten av Lutelandet Energipark som har søkt om konsesjon for ein vindpark på 50 MW vest på Lutelandet. Statoil har no bestemt seg for å avslutte si verksemd med vindkraft på land, og berre satse på havvind. Blant anna eig selskapet 25% av Forewind som planlegg verdas største vindpark på Doggerbank utanfor kysten av England. Trongen for å få testa ut teknologi som kan redusere prisen på straumen frå vindparkar til havs, er stor. Og her kan vindparken på Lutelandet spele ei stor rolle i åra som kjem. Det er difor dei vil halde fram med sitt engasjement på Lutelandet. Statoil eig også den einaste flytande vindmølla som er i drift, Hywind.

Lutelandet Offshore er no midt i ein



Industriområdet på Lutelandet nærmar seg no 100 mål planert industriareal

hektisk anleggsperiode på Lutelandet. Store mengder massar er sprengt ut og industriområdet er utvida betydeleg. Til jul nærmar det planerte området seg 100 mål. I området der dei planlegg verdas djupaste dokk, føregår no sprengingsarbeidet for fullt.

Anleggsområdet på Lutelandet har vore ein ynda utfartsstad, men med det store arbeidet som no pågår, har ein blitt nøyde til å stenge av vegen inn til området. Mellom anna for å vere

sikre på at dei som bevegar seg der har godkjent tryggleikstutstyr og bevegar seg på plasser der det ikkje medfører risiko å opphalde seg.

Lutelandet Offshore har no også levert søknaden om utsleppsløyve for rivingsverksemda si til Fylkemannen. Fylkesmannens miljøvernaveidning reknar med at dei treng eit halvt års sakshandsaming. Det betyr at at anlegget på Lutelandet kan vere klart for oppdrag etter sommarferien neste år.

## Endeleg er vi i gang med Dalsfjordsambandet

Onsdag 6. oktober vart ein merkedag for Dalsfjord-regionen. Då gjekk startskotet for Dalsfjordsambandet. 30 år etter at arbeidet vart stogga er vi endeleg i gang igjen.

Det var ordførar i Askvoll, Aud-Kari Steinsland, som fekk æra av å fyre av den første salva då arbeidet tok til i Eikenestunnelen.

Over 100 personar var med på den historiske hendinga. Eit imponerande tal med tanke på at det skjedde midt på dagen ein kvardag og at alle himmelens slusar var opne...

No føregår arbeidet med full styrke på

begge sider av fjorden og ingen som bur langs fjorden kan unngå å høyre dynamittsalvane som går av nær sagt til alle døgnets tider.

Utpå våren vil ein også vere i gong med sjølve brukarbeidet og då vil dei som bur slik til i Dale at dei har utsikta i orden kunne følgje dette meter for meter. Vi satsar også på å få opp eit webkamera slik at alle kan følgje med på dette arbeidet.

Vi får no ca 3 år med anleggsarbeid, og spesielt i Dale vil dette merkast sidan arbeidet føregår så å seie midt i



sentrum. Vi vil oppfordre folk om å vise merksemd og vere tålmodige i høve dette. Følg også med i media der eventuelle vegstengingar på fv. 57 blir varsla.

Belønninga får vi i slutten av 2013 når Askvoll og Fjaler endeleg blir knytta saman og ei ny tidsrekning for regionen kan ta til.

## Livets overgangar

*Livets overgangar er eit tema alle kan kjenne seg igjen i. Overgangsfasar, små eller store, er noko alle må gjennom frå tid til anna. Sjølv om overgangane er ein naturleg del av livet og kan føre til vekst og endring, kan dei også føre til usikkerheit og smerte. Vi vil i nummera av Brua framover ta for oss ulike overgangar i livet.*

## Ny-pensjonisten

*Er det mange som føler at når dei sluttar i Fjaler kommune, så skjer det ikkje så mykje meir? Eller er det berre «det gode liv» der saknet etter arbeidskollegaer og jobb er fråverande? Du gjere nett som du vil og reise dit du vil! Vi var nysgjerrige på å høyre korleis det kjennest ut i denne viktige overgangen i livet. Er du til nytte og berre glad når borna ringjer og spør om hjelp? Eller vil du heller realisere alt det du ikkje fekk tid til då du var aktiv på alle frontar i samfunnet? Vil du «delta lenger»? Vi kontakta ei av dei som nettopp vart pensjonist for å høyre meir:*

**Namn:** Thora Hovland, Dale

**Alder:** 67 år

**Mann/barn/barnebarn:** Olav /3 søner /2 barnebarn pluss eit som er ventande i februar

**Yrke /arbeidsstad:**

Lærer i 41 år. I 34 av desse åra har Thora budd og arbeidd i Fjaler, på Fjaler ungdomskule, Vevang skule og no til sist på Dingemoen skule. Vart pensjonist i 2008, med AFP-ordninga.

---

*«Den siste skituren eg var med på, fall eg på flat mark. Det måtte fem elevar til å hjelpe meg opp, men vi hadde det veldig moro!»*

---

Thora har mykje å fortelje frå eit langt liv som lærar og innflyttar til Fjaler. Ho vaks opp på Hop i Bergen og gjekk på Paradis skule. Mora var utdanna psykiatrisk sjukepleiar og faren arbeidde på jernbanen.

- Mor sa ofte: Få deg ei utdanning. Du må vere uavhengig av ein mann og du skal vere stolt av yrket ditt. Det har eg tenkt på mange gonger.

Eit år budde Thora med mora og broren på Hallingskeid der faren var stasjonsmeister. Ho leika mykje på skinnegangen og i tunellen saman med broren og dei andre stasjonsungane, men



1964.



1971, med eldstemann.

alltid passa på av far som kunne bestemme når det var raudt og grønt lys. Han hadde tid til det. – Slik er det ikkje no. No skal alt gå så fort.

Dei som har møtt Thora, veit at det aldri er kjedeleg å høyre på den tidlegare læraren. Og det er mange som har hatt Thora som lærar. Men korleis var det å slutte som lærar på Dingemoen skule?

– Då eg fekk min 5. læreplan, vart eg trøytt. 1997-planen hadde vore min favoritt og den appellerte til fantasien. Men det å gå laus på enno ein ny plan, var kjempetungt. Det vart stadig større krav til datakunnskap, som ikkje er mi store interesse, og eg gledde meg til å ta farvel med ein heseblesande skulekvardag. Nasjonale prøver, hysteriet rundt Pisa-undersøkinga, der elevane vart rangerte i Europa, nei, eg likte det ikkje. I tillegg fekk eg dårlege kne, noko som ikkje høver inn i skuledagen der du går opp og ned, fram og tilbake. Uteskule, gymnastikk, skiturar, nei det var ikkje noko for meg. Dei siste to åra fekk eg ein tilrettelagt timeplan og eg vil seie at Dingemoen skule har vore ein god arbeidsplass. No er eg så heldig at eg kan vere vikar, men eg saknar ikkje det faglege miljøet.

### **Korleis var overgangen til pensjonistlivet?**

– Eg naut den nye kvardagen! Å få tid til å lese meir, gjere ting som berre var gøy, som td bake i eldhuset på Lillingstonheimen og få tid til å strikke. Eg er med i ei strikkegruppe på sju damer og eg lærer stadig noko nytt. Så har eg barnebarn som treng mobile besteforeldre som kan ta i eit tak. Og ikkje nok med det, Thora fortel vidare: – Trening på Haugland to gonger i veka og Fyssvass om torsdagen, ja, no har eg hatt ein pause, men eg skal snart til att. Olav og eg har det kjekt saman, lange frukostar, han er ein god samtalepartnar. Sist vinter gjekk han og eg skitur på Steiabøen kvar dag. Eg gler meg mykje over hagen om sommaren, det siste nye der er asperges og gras-



*I dag.*

kar. For ikkje å snakke om bær og sopp-plukking om hausten!

Om nokre år vil vi gjerne skaffe oss eit mindre hus, men det går greitt enno å ha det vi har. Då må eg vel kaste ein del, men det er noko eg aldri skiller meg frå: bøkene mine.

### **Fann du ut av dette med pensjonen i motsetning til «berre» å motta løn?**

Informasjonen frå Fjaler kommune var god. Dei to første åra kunne eg berre tene 15 000 kr med feriepengar. Men seinare kunne eg tene det eg ville utover pensjonen. Men eg måtte også følge med sjøl. – Kom det rett pensjon og vart det rett skattetrekk? Å vere arbeidstakar og arbeidsgjever er å gje og få. Det må smidigheit til frå begge sider, det har eg opplevd.

Det er mykje Thora har vore involvert i: barneteater i ungdomslaget, styremedlem i sogelaget, ho har planta tre i sentrum med hagelaget og vore politiskar, for å nemne noko.

### **Vil du halde fram med å delta i lokalsamfunnet og i frivillige organisasjonar?**

– Kanskje er Frivilligsentralen ein ny arena for oss no? Om eg vil, er det ope for å «delta lenger» her i Fjaler. Eg er

så glad for å bu i Fjaler! Her er så flott natur og så godt miljø.

### **Kva tenkjer du om arbeidet i skulen framover, viss du samanliknar før og no?**

Det er to vidt forskjellige jobbar. Før var det 3 t kvar dag i småskulen, no er det 6 t. Eg ser mørkt på at ungene skal vere meir på skulen. Eg tykkjer det vert stillt for få krav, ein tek for mykje hensyn til kvar unge. Det utnyttar dei. Vi har ingen sanksjonar, ingenting får konsekvensar. Ungane skal alltid styrast av vaksne. Det vert for lite leik, for lite fri utfolding. Dei får ikkje sosialisert seg. Og ungene sit mykje på nettet, nokon 3-4 timar pr dag. Foreldre og skule har i dag ei stor utfordring. Men det har skjedd noko svært positivt: Tidlegare var læraren åleine i klasserommet på godt og vondt, no arbeider læraren i team og for fellesskapet, og det er fleire auge som ser barnet.

*«Barndommen er den grunnmuren du skal bygge livet ditt på.»*

*Jan Gulliou*

## KLIPPE, KLIPPE....

FELLES KOMMUNAL OPPREISINGSORDNING  
I SOGN OG FJORDANE

Fjaler kommune/Sogn og Fjordane fylkeskommune har slutta seg til felles kommunal oppreisingsordning i Sogn og Fjordane for barn som vart utsette for overgrep eller omsorgssvikt under kommunal omsorg før 1. januar 1993. Fjaler kommune/Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer med sin tilslutnad til denne oppreisingsordninga å ta eit moralsk ansvar for, og gi ei oppreisning og ei orsaking utan atterhald til, personar som då dei var barn og under kommunal omsorg vart utsette for overgrep eller omsorgssvikt i institusjon, fosterheim eller under anna plassering.

**DELEGERING ETTER HAMNE- OG FARVASSLØVA**  
Frå 01.01.2010 har kommunane overteke oppgåver og mynde etter denne lova. Kommunestyret har delegert mynde til å gjere vedtak til formannskapet og rådmannen.

**NINA AAS**

har fått fritak frå alle politiske verv frå 01.07.10 og ut valperioden. Aas representerte SV i formannskapet og kommunestyret. Mette Kvamme (AP) er ny fast medlem i formannskapet og Anita Nyland Skaar ny fast medlem i kommunestyret.

**RETNINGSLINER FOR DRIFT AV BRUER PÅ  
PRIVAT-, GARDS- OG GRENDEVEGAR**

Kommunestyret har vedteke retningslinjer for drift. Kontakt sørviskontoret eller sjå kommunestyresak 48/10 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) om du ønskjer tilgang til saksutgreiinga og retningslinene.

**TILSKOT TIL PRIVAT BRU PÅ SØREBØ**

Kommunen har løyvt kr 84 125 til bygging av bru til gbnr 121/3. Løyvinga vert utbetalt når prosjektet er ferdig.

**VEDLIKEHALD PÅ LILLINGSTONHEIMEN**

Kommunestyret har vedteke å løyve

inntil kr 220 000 til vedlikehald på Lillingstonheimen. Løyvinga skal «redde» svalgangen langs Jentestuen.

**VURDERING AV SAL AV GBNR 59/60 I DALE**

Ordføraren har fått spørsmål om å selje eigedomen Yksnebjør som ligg ved Helsetunet. Formannskapet har rådd i frå å selje eigedomen før behovet for areal til nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader er utgreidd.

**UTBYGGING AV MOBILNETTET I FJALER**

Kommunestyret har løyvt kr 650 000 til utbygging av mobiletten i Fjaler. Løyvinga går til prosjektet på Vassdalen, men kan så langt pengane rekk brukast til dei andre prosjekta som er del av intensjonsavtalen med Telenor. Løyvinga er teken frå disposisjonsfondet og auka til kr 750 000 ved seinare løyving.

**GODKJENNING AV REKNESKAPAR,  
ÅRSMELDING OG ØKONOMIPLAN**

Kommunestyret godkjende følgjande rekneskapar i juni-møtet:

- Fjaler kommune sitt utviklingsfond 2009
- Fjaler kommune sitt næringsfond 2009
- Dingemoen idrettspark 2009
- Årsrekneskap for Fjaler kommune 2009
- Årsmelding 2009
- Tertialrapport 1. tertial 2010
- Økonomiplan 2011-2014

**REGIONAL PLAN MED TEMA KNYTT TIL VAASS-  
KRAFTUTBYGGING**

Fylkeskommunen har hatt planen ute til høyring. Kommunestyret har gjeve fråsegn og bede fylkeskommunen ta omsyn til kommunen sine merknader. Vil du lese meir? - Kontakt sørviskontoret eller sjå kommunestyresak 67/10 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

**FINANSREGLEMENT FOR FJALER KOMMUNE**

Kommunestyret har vedteke finansreglement for Fjaler kommune. Grunnkapitalen til utviklingsfondet er sett til kr 19 000 000.

**TERJE ØKSENBERG**

har fått fritak frå politiske verv ut valperioden. Øksenberg har representert Høgre i kommunestyret.

**VALDAG FOR KOMMUNESTYREVALET OG  
FYLKESTINGSVALET 2011**

Fjaler kommune held kommunestyreval og fylkestingsval 2011 søndag 11. september og måndag 12. september. Søndag 11. september vert berre vallokalet i Dale ope.

**FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT**

Kommunestyret har sendt høyringsfråsegn til fylkeskommunen. Vil du lese meir? – Kontakt sørviskontoret eller sjå kommunestyresak 81/10 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

**MELODI GRAND PRIX DELFINALE FLORØ**

Kommunestyret har vedteke å garantere for inntil kr 60 000. Ev løyving skal takast frå disposisjonsfondet. I si grunngeving til kommunestyret skriv rådmannen m.a.: «Vi trur at eit slikt stort kulturarrangement med TV-billette frå kommunen og fylket er veldig mykje verdt. Det kan også gje ein samfunnsvinst som er vanskelegare å måle i kroner og øre – som entusiasme, engasjement og følelse av at «det skjer noko».

Vi har tru på at Fjaler kommune har eit særpreg som produsentane vil synast er attraktivt å vise fram og for ein relativt liten sum kan vi vere heldig å få dyrebare minutt i beste sendetid. Men også utan sendetid frå kommunen trur vi at MGP Lokal Fjaler kan vera ein attraktiv og lærerik arena for unge songtalent i kommunen vår å visa seg fram på. For å få til slike store prosjekt er det viktig at fylket står samla.»

**ORDFØRAR ARVE HELLE**

er vald som representant i Firda Billag AS si bedriftsforsamling. Varamedlem er varaordførar Ainor Fristad Naustdal.

**LØYVINGAR FRÅ UNGDOMMENS  
KOMMUNESTYRE VÅREN 2010**

- Danseverkstaden kr 3 500

- Fjaler Røde Kors kr 2000
  - Svint idrettslag kr 3 500
  - Dalsfjorden spelemannslag kr 3 500
  - Fjaler motorsportklubb kr 3 500
  - Ungdomspolitiske dagar i Florø, september kr 2 000
- Flekke og Straumsnes Musikkorps fekk ikkje midlar grunna for få medlemmer i målgruppa.

AUDUN FLEKKE, HANS LØSETH,  
ODDNY FLEKKE OG JOHANNA HAALAND

har fått løyve til å kople seg på den kommunale vassleidningen i Flekke.

SVEIN MATTSON,

Dale, har fått løyve til frådelling av inntil 1,5 daa på gbnr 71/5 til framtidig hovudhus på gbnr 70/1 – eigar Jan A. Haugen. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova.

BORGHILD ESPEDAL,

Hellevik, har fått løyve til frådelling av hyttetomt 43 på gbnr 24/21 i «felt 1» etter utbyggingsplan og flatereguleringsplan for Kjøsnes-området. Det er sett som vilkår for frådellinga at eigdommen vert sikra tinglyst rett til tilkomst. Vedtaket er gjort etter plan- og bygningslova.

REGULERINGSPLANAR

I møte 26.10.10 vedtok kommunestyret følgjande reguleringsplanar:

- Steiestølen/Hogstdalen/ Slettelandsstølen
- Kvamen
- Dalsfjordbrua – endring.
- Omkøyringstunnellar i Nishammaren og endra brubreidde.
- Skadal - steindeponi

Du kan lese meir på  
[www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

SIRI INGVALDSEN,

Dale, har fått fritak frå verv som lagrettemedlem og lekdommar i Lagmannsretten ut inneverande periode, dvs til 01.01.13. Nina Yndestad, Flekke, er vald i hennar stad.

**BRUKSAVTALE FOR STRAUMSNES GRENDEHUS**  
Kommunestyret har vedteke ny bruk-savtale mellom Straumsnes Grendehus og Fjaler kommune.

**GRUNNSKULEN I FJALER**

Kommunestyret har teke til etterretning tilstandsrapport for 2009/2010.

**MASS KJELL MYKLEBUST,**

Dale, har fått dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og løyve til frådelling av inntil 1,5 daa tomt med påstande bustadtomt på gbnr 87/1. Det er sett som vilkår for frådellinga at eigdommen vert sikra tinglyst rett til tilkomst. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova.

**RUTH ERDAL**

fekk byggeløyve for naust i august 2007. Tiltakshavar søkte deretter om løyve til å få endre byggeløvet slik at det kunne byggast 2 arker i takkonstruksjonen. Planutvalet handsama saka i møte i mai 2008 og gjorde vedtak om ikkje å godkjenne endrings-søknaden. Tiltakshavar søkte deretter om løyve til å bygge kun 1 ark på sørsida av naustet. Planutvalet av slo på nytt søknaden, med den grunn-gjevinga at tiltaket ville medføre at naustet sin karakter vart endra, og at bygget dermed ville kunne framstå som eit kombinert naust og fritidshus. I mars i år har tiltakshavar på nytt søkt om å få godkjent plan for 1 ark på sørsida av naustet. Planutvalet har på nytt gitt avslag på søknaden.

**OPPLYSNINGSVESENETS FOND VED STATSKOG SF**

har fått avslag på søknad om frådelling av parsell på gbnr 65/03 i friområde langs sjøen (kjøpar Arne Øksenberg) og frådelling av parsell i same område (kjøpar Mathias Øen). Kjøparane har klagt på vedtaka. Formannskapet tok ikkje klagen til følgje. Grunn-gjevinga var at dispensasjonen det var søkt om medfører vesentlege endringar av reguleringsplanen for Bjerga og arealbruken må difor avklarast gjennom ei reguleringsendring.

**ELVETUN BARNEHAGE AS**

har fått eit kommunalt tilskot på kr 1 290 922 for 2010.

**VÅGE BARNEHAGE AS**

har fått eit kommunalt tilskot på kr 603 400 for 2010.

**KLOKKARGARDEN I DALE**

Jakob Sande-selskapet har fått godkjent endra byggeplanar for lòa i Klokkargarden.

**ØYSTEIN RYNINGEN,**

Flekke, har fått løyve til bygging av ny veg over gbnr 135/7 i Hovlandsdal. Kåre Haaland AS er godkjend som ansvarleg for utføring og kontroll av arbeidet.

**VARADROPFRAR AINOR FRISTAD NAUSTDAL**

var leiar i kommunekomiteen for TV-aksjonen 2010. Andre medlemmer var Norodd Lammetun og Erling Hjelle. Anne Marie Loneland var sekretær for komiteen. Fjaler kommune løyvde kr 4 000 til aksjonen.

**REGULERINGSPLAN FOR MOTORSPORTANLEGG I NAUTSUNDDALEN**

Planutvalet har vedteke å opne for utarbeiding av reguleringsplan for nytt motorsportsenter i Nautsunddalen, del av gbnr 135/6, og leggje oppstartvarsel med planprogram ut til offentleg ettersyn.

**REGULERINGSPLAN HYTTEFELT STEINSET**

Planutvalet har vedteke å leggje framlegg til reguleringsplan for hyttefelt på Steinset, del av gbnr 118/2, ut til høyring og offentleg ettersyn.

**FRITIDA MI – NY UTGÅVE**

Det fargerike heftet som de har fått i posten dei siste to åra, tek ein pause. Vi kjem att til neste år med ein ny og betre versjon. Hald berre fram med å sende inn oppdateringar på lag og organisasjonar, aktivitetar, øvingar, treningar og nyoppstarta aktivitet. Vi legg også dette ut på nettsida til kommunen. Vi veit det er mykje som skjer!

Kontakt tlf. 57 73 80 20, epost:  
[frivilligsentralen@fjaler.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@fjaler.kommune.no)

## Musikk som trivsels- og helsefremjande faktor i kvardagen for demente



Musikk som terapi for menneske med kognitiv svikt: «Vi vet ikke hva musikk er, men vi vet en del om hva musikk kan gjøre» (Audun Mysja). Både erfaringar og resultat frå forskning har vist at faste musikktilbod gjev gode resultat for demente. Etter samtalar med sjukeheimen i Dale såg kulturskulen eit klart behov for eit organisert og fast musikktilbod for demente. Det stimulerer begge hjerne-

halvdelane samtidig, samt språket, og gjev gode opplevingar og rørsle-trening.

Ved dementavdelinga (avd A, arbeidslag 5) på sjukeheimen er det no fast tilbod ein gong i veka, kvar torsdag kl 10.30. Det er kulturskulen sine folk som står for opplegget. Hanne Heia Jahnsen spelar piano og Reidun Porten er den aktive i ringen i lag med personale ved avdelinga.

Vi i Brua-redaksjonen var meir nysgjerrige på tilbodet og stilte Hanne og Reidun nokre spørsmål:

*Kva songar har de valt ut og kvifor?*

Det er kjende og kjære songar frå den rikhaldige songskatten vår, som Den fyrste song, No kjem ein vals, Napoleon med sin hær, Ro ro til fiskeskjær, Fager kveldsol og Mellom bakkar og berg.

Det er songar dei gamle har eit forhold til, songar dei hugsar. Nettopp det er ein viktig del av opplegget - vi skal byggje på det dei allereie kan. Vi er ikkje der for å lære dei nye songar. Det ville vere ei for stor utfordring for dei fleste av bebuarane.

*På bileta kan vi sjå at de nyttar eit segl?*

*Kva gjer de på her?*

Seglet er ein «fallskjerm» og vert omtalt som det på fagspråket. Denne kan brukast på mange måtar. Vi brukar den til aktivitet der alle sit i ein ring. Kvar brukar held handa inni ei løkke, så beveger vi den til musikk. Oppå har vi ein oppblåst ballong, og meininga er å aktivisere impuls og motorikk med å halde ballongen på fallskjermen. Det er flott å sjå korleis dei tek ansvar, bokse-neven er ofte tilstades hos somme her og det må full slagkraft til for å få ballongen på «rett kjøel» att.

Reidun jobbar «på golvet» og



## SMÅNYTT

Hanne som spelar piano fortel: – Dei første gongane spelte eg berre noko roleg musikk, men har no gått over til å spele songar dei kjenner.

Mange syng med medan dei held på med fallskjermen – kjekt! Det er god aktivitet – dei får trimma både hovudet og resten av overkroppen på samme tid.

*Korleis reagerer dei eldre på tilbodet?*

*Får de tilbakemeldingar frå dei?*

– Brukarane deltek aktivt i aktivitetane våre, fortel Reidun. – Vi har ei fast ramme for timen, men vi improviserer når det kjem nye songar og ablegøyer

frå nokon i gruppa. Vi får mange gode smil og varme handtrykk, og latteren sit laust hos mange.

Dei som har vondt både her og der når vi startar kl 10.30, har trimma både føter og armar før vi er ferdige! Dei som verkar passive når vi kjem, sit oftast med rak rygg og smiler når vi går igjen. Ei av damene brukar å takke meg opp i handa og så seier ho «Dette er det finaste eg nokon gong har høyr!» Det er også gode tilbakemeldingar frå personalet på avdelinga. Tilbodet er støtta av den kulturelle spaserstokken



**VED OG VEDLIKEHALD UB**  
– EI UNGDOMSBEDRIFT VED DALE VGS

**Ved & vedlikeholdservice UB** står til teneste innan dei fleste daglege gjeremål ute. Treng du hjelp til hagearbeid, litt målingsarbeid, enkle reparasjonar t.d. innan maskin, tre og stål, køyring av boss eller snømåking? Timepris kr 40,- pr. arbeidstakar.

**Vi leverer også tørr ved i 60 l sekkar** for kr 55,- (spesielt retta mot eldre/pensjonistar).

**Frank Rennestraum** er prosjektleiar tlf.: 901 67 858 epost: frank.rennes-  
traum@sfj.no. Kontakt han for oppdrag!

#### VIKTIG MELDING FRÅ BISTAND OG OMSORGSTENESTENE:

Som følgje av at sørviskontoret skal oppgradere sitt økonomisystem, vil vi ikkje kunne sende ut rekning for institusjonsopphald/heimetenester/matlevering for november og desember før nyttår. Dette fører til at du som får faste månadlege rekningar vil få to rekningar i januar. For bebuarar i institusjon som har fast trekk i trygda, vil trekka gå som vanleg.

#### RULLERING AV PLANVERK FOR BISTAND OG OMSORG

Kommunestyret har vedteke å starte opp arbeid med rullering av planverk for bistand og omsorg. Følgjande nemnd er vald: Ainar Fristad Naustdal – leiar, Marit Mjellem og Mass Kjell Myklebust. Varamedlemer er Erling Hjelle og Norodd Lammetun. Rådmannen er sekretariat. Arbeidet er starta.

KLIPPE, KLIPPE....

*DISPONERING AV KOMMUNAL GRUNN I FLEKKE*

Hallvard Haaland har, på vegner av seg sjølv og dei andre grunneigarane, søkt om løyve til å nytte noko kommunal grunn for sør for Flekke skule for å kunne starte planlegging av bygging av naust, sikre tilkomst til planlagd flytebrygge, disponere areal til gangveg fram til, og nødvendig areal til offentleg badeplass.

Fjaler kommune er positive til dei skisserte planane og initiativtakarane før løyve til å nytte kommunalt areal slik det går fram av søknaden. Vilåret for dette er at det vert tilrettelagt for allmenn ferdsel. Det skal takast stilling til dei ulike bygge- og anleggsarbeida på eit seinare tidspunkt.

*VEVANG PRODUKSJON AS – AREAL TIL VEDPRODUKSJON*

Det er gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Dingemoen/Steia, og Vevang Produksjon AS har fått mellombels løyve til å drive vedproduksjon som vist på innsendt kart. Avtalen gjeld i 5 år med 6 månaders oppseiingsfrist. Alle utgifter i høve tilrettelegging for produksjon og opprydding etter avslutta produksjon skal dekkast av Vevang Produksjon AS.

*KURTH BORTHEIM,*

Dale, fått løyve til frådelling av 1,6 dekar innmarksbeite på gbnr. 65/7 i Fjaler. Arealet skal nyttast til to bustadtomter. Kjøpar, tomt 1: Terje Solheim, 6963 Dale. Kjøpar, tomt 2: Eigjar. Det er gjort vedtak etter jordlova og plan- og byggningslova.

*SØKNAD OM NYDYRKNING PÅ GBNR 128/1*

Leiar for Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler (LAF) har godkjent Per-Kristen Svartefoss, 6966 Guddal sin plan for nydyrking av 11 daa elveavsetting med myr opp på gbnr. 128/1 i Fjaler. Tiltaket skal vere sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve.

*HALLVARD HAALAND,*

Flekke, har fått godkjent plan for planering av om lag 0,5 daa anna mark på gbnr 92/4.

*BJARTE HELLEBUST,*

Flekke, har, på visse vilkår, fått løyve til å byggje 120 m ny landbruksveg kl 5, Moldholevegen, på gbnr 104/1. Løyvet fell bort om ikkje arbeidet er ferdig innan 30.06.2013.

*JOSTEIN BAKKEBØ,*

Straumsnes, har fått lyve til å fjerne 189 m steingjerde samt å få lage gjennomkøyring i eit steingjerde på gbnr 33/1,3.



*REIDUN OG ARNT OLAV AAS*

har fått løyve til oppføring av nytt fritidshus og garasje på gbnr 235/53. Ansvarsrettar er tildelte etter egne søknader.

*GODKJENNING AV NYE HJORTEVALD OG TILDELING AV LØYVE*

- Hermod Bjordal, Flekke, har fått godkjent gbnr 107/1 som eige hjortevald med valdnr 0105 Bjordal Nedre. Valdet får eit teljande areal på 2464 daa. Valdet har fått løyve til å felle 5 hjortar i 2010.
- Ørjar Eiken, Hellevik, har fått godkjent gbnr gnr 25 som eige hjortevald med valdnr 0106 Eiken. Valdet får eit teljande areal på 4409 daa og har fått løyve til å felle 20 hjortar i 2010.
- Kjosnes, Hellevik, har fått godkjent Kjosnes-området som eige vald med valdnr 0107. Valdet får eit teljande areal på 1494 daa og har fått løyve til å felle 7 hjortar i 2010.
- Andalsvik, Straumsnes, har fått godkjent gnr 30 Andalsvik som eige vald med valdnr 0108. Valdet får eit teljande areal på 1248 daa og har fått løyve til å felle 2 hjortar i 2010.
- Nina Beate Yndestad, Flekke, har fått godkjent Yndestad 2 som eige vald med eit teljande areal på 2257 daa. Valdet har fått løyve til å felle 5 hjortar i 2010.

*ARNE VALVIK,*

Dale, har fått eit tilskot på kr 6 000 av SMIL-midlane til utbetring av støttemuren på gbnr 44/2.

*LÆRDOMSSETET TORMOD TORFÆUS*

på Leirubakke, Island, har søkt om tilskot. Søknaden er ikkje imøtekommen.

*VETERANSKIPSLAGET STAVENES*

har fått eit tilskot på kr 3 000 frå kulturmidlane.

*FORLENGING AV MERKJEPROSJEKT HJORT SUNNFJORD/YTRE SOGN*

Prosjektet har fått kr 17 117,50 som prosjektmidlar for 2010.

## KLIPPE, KLIPPE

**TERJE Y. HOVLANDSDAL,**

Flekke, har, på visse vilkår, fått tilskot på inntil kr 14 000 frå Smil-midlane til rydding av skog og einer til beite. Arbeidsfrist er sett til 31.07.2013.

**FLEKKE GRENDELAG**

v/Vivi Eikås, har, på visse vilkår, fått tilskot på kr 10 000 av Smil-midlane til bygging av grindebygg i parken i Flekke.

**JOAR ESPEDAL,**

Flekke, har, på visse vilkår, fått tilskot på inntil kr 28 200 i Smil-midlar til rydding av gammal kulturmark. Arbeidsfrist er sett til 31.07.2013.

**FRODE HAUGEN,**

Lammetun, har fått løyve til oppføring av spikertelt på gbnr 272/3 som inn-teikna på kart, men med eitt unntak: Spikertelt/plassering av campingvogn ved sjøbua vert ikkje godkjent. Spikertelt/plassering av campingvogn på freda område vert ikkje godkjent og skal fjernast. Formannskapet krev at grunneigar utarbeider reguleringsplan for campingplass i området før nye tiltak vert sette i gang.

**ANNY-MARI HOLM SOLHEIM,**

Dale, har fått dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen og bygge-løyve for nytt fritidshus på gbnr 45/4. Ansvarsrettar er tildelte etter eigne søknader.

**TERJE OLSEN**

har fått løyve til oppføring av nytt bustadhus på gbnr 235/6.

**DALE VIDAREGÅANDE SKULE**

har søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Dingemoen/Steia til volleyballbane. Formannskapet vedtok å utsetje saka og få vurdert andre løysingar/område.

**NINA YNDESTAD,**

Flekke, har fått løyve til omdisponering av 6 daa fulldyrka jordbruksareal til oppstillingsplass for campingvognar på gbnr 133/1. Som vilkår er sett at

arealet ikkje skal opparbeidast utover grusing og tilrettelegging for campingvognar. Dersom ikkje arealet lenger vert brukt til formålet, skal det tilbakeførast til fulldyrka areal. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova.

**TROND INGE NØTTSUND,**

Flekke, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 136/4 for ein kjøpesum på kr 2 000. Overdragar er Bjordal Ungdomslag.

**JARLE MILDE,**

Hellevik, har fått løyve til frådelling av ca 375 m2 impediment frå gbnr 235/1 som tilleggsareal til eksisterande fritidstomt gbnr 235/30. Kjøpar er May-Helen Milde Ingdahl, Søreidgrend. Vedtaket er gjort etter jordlova.

**FJALER HJORTEUTVAL**

har fått kr 91 000 i driftsstøtte frå Viltfondet for 2010.

**MAGNE NORDDAL,**

Dale, har fått kr 85 000 i tilskot frå Smil-midlane til utbetring av eldre våningshus på gbnr 78/2. Frist for gjennomføring av arbeidet er sett til 31.12.2013.

**FLEIRBRUKSPLAN FOR FLEKKE- OG GUDDALSVASSDRAGET**

Formannskapet har vedteke planprogrammet, som er lagt ut til offentlig ettersyn på sørviskontoret og [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no). Høyingsperioden er 15.11.10–03.01.11.

**FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT**

Formannskapet har slutta seg til ordføraren sin uttale. Les meir på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

**KURTH BORTHEIM,**

Dale, har fått dispensasjon frå kommunedelplan for Dale og løyve til frådelling av ca 500 m2 frå gbnr 65/7. Området skal nyttast som tilleggsareal til bustadtomt på gbnr 65/56. Det er sett som krav at tomtene skal samanføyast til ei tomt etter at delinga er

**SOGN OG FJORDANE RØDE KORS EIGEDOM AS**

har fått løyve til frådelling av areal til festegrunn for Nordisk tun på gbnr 41/1. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova.

**FJALER PRESTEGARD**

har fått løyve til frådelling av prestebustaden i Dale med tomt på om lag 3,5 daa på gbnr 65/3. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova.

**FERIE- OG FRITIDSMIDLAR FOR FUNKSJONSHEMMA 2010**

Kulturkontoret løyvde tidlegare i år kr 40 000 for opphald og deltakaravgift for hjelparar som deltok på kulturfestival i Førde. Ekstra løn og transport vart dekkja utanom. Kr 1 500 vart fordelt på fem søkarar til å dekke 50 % av deltakaravgifta for hjelpar på sommarleir på Haugland. Løn kjem i tillegg. Ein søkar som ikkje var på kulturfestival og heller ikkje på sommarleir fekk kr 3 000 for å delta på rideleir. Samla løyving ca 50 500.

**DELING AV GBNR. 58/1, SÆTENES - HANDSAMING ETTER JORDLOVA**

Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådelling av inntil 8 daa med påståande gardstun og bygningar, på gnr. 58, bnr. 1 på følgjande vilkår: Restareala på eigedomen vert overført som tilleggsjord til eigedom som kan oppnå konsesjon, eller som er konsesjonsfrie etter konsesjonslova § 5, innan 31.12.2011. Eigar: Inger Johanne Kråkenes, 6863 Dale. Kjøpar: Aase Karin H. Sylta og Jostein Sylta, 6863 Dale.

**DETALJREGULERING - MILJØGRENDA MIKLAGARD**

Planutvalet har godkjent at det vert starta opp med detaljregulering for Miljøgrenda Miklagard på Haugland. Planen vil og medføre endring av deler av reguleringsplan for Haugland vedteken 20.12.93.

gjennomført. Avtalen om vegrett må tinglysast på egedommane. Kjøpar er Johannes og Frøydis Folkestad, Hellevik. Saka er handsama etter jordlova og plan- og bygningslova.

#### JAN ARVE STRAND

har fått dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan på gbnr 235/6 til å føre opp fritidshus på gbnr 235/57 med maksimal mønehøgde på 6,5 m.

#### ATLE LANGELAND

har, på nærare fastsette vilkår, fått inntil kr 49 000 i tilskot frå Smil-midlane til rydding og inngjerding av gammal kulturmark som beite for storfe. Arbeidsfristen er sett til 30.06.2013. Ny løyving på kr 49 000 vert gjeve i 2011.

#### PRODUKSJONSTILSKOT I JORDBRUKET

Det er godkjent 132 søknader om produksjonstilskot i jordbruket i Fjaler ved søknaden pr 31.07.10. Ingen søknad er avslegen.

#### SAMARBEID OM JAKTOPPSYN

##### – HJORTEJAKTA 2010

Politiet har fått kr 10 000 frå viltfondet til dekking av ekstra vaktinnsats under jaktseasonen 2010.

#### MAGNE NORDDAL,

Dale, har fått godkjent plan for nydyrking av 41 daa fastmark/myr på gbnr 87/2. Tiltaket skal vere sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve.

#### BJARNE LAMMETUN

har ikkje fått innvilga løyve til plassring av flytebrygge på gbnr 272/4. Grunnen til avslaget er at det ikkje er funne grunnlag for å gje dispensasjon frå byggeforbodet langs sjøen. Vedtaket er gjort etter plan- og bygningslova.

#### BJARNE HUSEKLEPP,

Guddal, har fått ei løyving på kr 30 000 i 2010 og kr 24 000 i 2011 frå Smil-midlane. Føremål: Bevare kulturlandskapet og vedlikehalde bygningmassen i gamle-tunet på gbnr 115/2, Huseklepp.

#### HARALD JOHNNY GALLEFOSS,

Guddal, har, på nærare fastsette vilkår, fått godkjent plan for nydyrking av 46 daa fastmark på gbnr 126/4.

#### GAULAR SPORHUNDGRUPPE

har fått kr 2 525 i tilskot frå viltfondet til dekking av utgifter i samband med ettersøk av trafikkskada hjort i Nautsund.

#### BJART ROPPESTAD

har fått dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen og dispensasjon frå § 17-2 i samband med søknad om bygging av veg frå Langeneset til Solvik. Grunngevinga for dispensasjonen er at den planlagde vegen også vil gje vegutløysing til fastbuande, ein kan ikkje sjå at allmenne interesser vert skadelidande og inngrepet i landskap og naturmiljø vert vurderte til å ligge innafor det som må kunne akseptast. Det er sett som vilkår at vegprosjektet vert gjennomført med minst mogeleg terrenginngrep. Roppestad er godkjend som ansvarshavande for heile arbeidet i samsvar med innsend eigenklæring.

#### TERJE Y. HOVLANDSDAL,

Flekkje, har fått godkjent plan for nydyrking av ca 9 daa fastmark på gbnr 135/13. Frist for ferdigstilling er sett til 31.12.2013.

#### KJARTAN HABBESTAD OG ANJA NESS,

Flekkje, har fått konsesjon for overtaking av kvar sin ideelle halvdel av gbnr 92/90 til bustadføremaal. Seljar er Audun Erik Sunde, Florø. Vedtaket er gjort etter konsesjonslova.

#### GEIR SANDE,

Flekkje, har fått løyve til frådelling av tomt med påståande bustadhus på gbnr 103/1. Kjøpar er Turid Kristensen, Kopervik. Vedtaket er gjort etter plan- og bygningslova.

#### JARLE HOVLANDSDAL,

Flekkje, har, på visse vilkår, fått inntil kr 30 000 i tilskot frå Smil-midlane

til rydding og inngjerding til beite. Arbeidsfristen er sett til 31.12.2013.

#### REGIONALT MILJØPROGRAM (RMP) FOR SOGN OG FJORDANE

Leiar av Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler har godkjent 57 søknader frå Fjaler i 2010.

#### HALLVARD HAALAND,

Flekkje, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 92/41 for ein kjøpesum på kr 5 000. Seljar er Sylvia Betty Bjaanes, Eikelandssosen.

#### TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR FJALER

Planen har vore rullert, og kommunestyret har vedteke handlingsplan for perioden 2009–2013. Vil du lese planen? – Kontakt sørviskontoret eller sjå kommunestyresak 50/10 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

#### ENERGI-, KLIMA- OG MILJØPLAN FOR FJALER

Kommunestyret har vedteke kommunedelplan for energi-, klima og miljø for Fjaler kommune for perioden 2010–2014. Vil du lese planen?

– Kontakt sørviskontoret eller sjå kommunestyresak 51/10 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

#### KOMPETANSEPLAN FOR FJALERSKULEN 2010–2011

er vedteken av kommunestyret. Vil du lese planen? – Kontakt sørviskontoret eller sjå kommunestyresak 52/10 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

#### FELLES KULTURSKULE I HYLLESTAD OG FJALER

Avtalen er evaluert, og kommunestyret har godkjent ny avtale for perioden 2010 – 2013.

#### KYSTARVEN

v/Astrid Sandvik har fått kr 10 000 i tilskot frå Smil-midlane til prosjektet «Sauen røktar Kystarven».

## Raus gåve frå Aila Langeland



Aila og veggteppet med motivet av Gallefoss bru

Aila Langeland er fødd i Karelen i 1930 og kom til Sverige som 11-åring. Frå då av har ho funne sin plass ved vevstolen og trylla fram mønster etter mønster med motiv frå livet sitt, dyra, myter frå folkekulturen på Finnskogen og naturen rundt seg, m.a. Guddal. Ho har arrangert kurs og delteke på fleire utstillingar med arbeida sine. Aila gifte seg med Sigurd Langeland frå Guddal og har feriert her i over 50 år.

Rett etter at ho runda 80 år, vitja ho Guddal skule og barnehage 24. september. Dette vart ein stor dag for store og små som fekk oppleve at Aila gav eit av sine kunstverk til bygda. Gåva er eit stort handveve bilete med motiv frå Gallefoss bru som ligg i Guddal. Alle som har lyst å sjå den vakre gåva, finn det i vestibylen i samfunnshusdelen ved Guddal skule og barnehage. Der heng også eit anna kunstverk med fleire mindre motiv frå Guddal.

Eit passende høve til å sjå arbeidet til Aila, kan vere sundag 19. desember. Då vert den tradisjonelle førejulsfesten arrangert i gymsalen med underhaldningsprogram, mat, gang rundt juletreet og besøk av nissen.

*Me takkar Aila for den rause gåva til bygda!*

## Guddal bygdekvinnelag stiller opp

27. oktober fekk Guddal skule og barnehage enno eit besøk av Guddal bygdekvinnelag med tema mat. Vi har tidlegare fått smake mange gode rettar av havre. Denne gongen var det servert grønnsaksuppe med bollar. Etterpå var det dessert. Det smakte skikkeleg godt, og vi er takksame for at Guddal bygdekvinnelag også gjer ein innsats for å spreie kunnskap om god og sunn matkultur til dei yngre.



*Frå servering i gymsalen.*

## Friluftslivveka på Våge skule - eit attendeblick



I veke 36 la vi alle bøker til side og arrangerte friluftslivsveke for heile skulen. Med bakgrunn i tidlegare erfaringar, bestemte vi oss for å vere ekstra tidleg ute - og dermed kanskje rekke å fyke rundt i naturen før hauststormane. Vi var litt skeptiske då veke 35 vart ganske så våt, men så snudde det til vår fordel, og vi fekk sol og varme heile friluftslivsveka. Skyene pakka ikkje ihop før vi gjorde det, så betre «tima» kunne det ikkje bli.

Måndag hadde vi fellestur på den gamle skulevegen på Eina. Elevar og lærarar var delte i to grupper, den eine gruppa gjekk skulevegen frå Våge til Eina, og den andre frå

Eina. Elevane var inndelte i mindre grupper, og skulle innom fleire stasjonar på vegen. Eldbjørg Barsnes heldt foredrag om den gamle skulevegen, og elevane skulle kaste piler på ein papirhjort og lære om målestokk, kompassbruk, m.m. undervegs. Dessutan hadde dei fått utdelt ei liste over naturlege og høgst unaturlege ting dei skulle finne og plukke med seg i ein pose.

Måndagskvelden vart det arrangert eit kajakkurs for ungdomssteget. Spenningstoppen her var då elevane skulle trakke oppå kvarandre sin kajakk - for å bli kjend med kor dårleg balanse ein har i ein så smal «båt», men den særskil-

de opplevinga av å vere så nær vass-  
korpa veg opp for dette.

Tysdag og onsdag er elevar og lærarar engasjert i ulike valde aktivitetar, som m.a. fiske, sykkeltur, sopp- og bærplukking og sanking av naturmateriale i fjæra. Her hadde vi god hjelp frå bygdefolk - både til overnatting, fiske, plukking og sanking. Dei som overnatta på Jensbua fekk mykje hestemakrell - ein fisk som førte til store diskusjonar og utidig usemje - nokre av oss ville kaste den og andre ville putte den i fiskesuppa. (Men fiskesuppa vart god, sa dei.) Dei som overnatta ved Langesjøen lærte kor viktig det er å vurdere avstanden mellom botn og propell.

Torsdag og fredag føremiddag laga vi mat av fangsten vi fekk, og vi måtte låne kjøkkenet i grendahuset for å få plass til alt som skulle gjerast og alle som skulle gjere det. Det var to hektiske dagar med mykje os. Diverre hadde ein av lærarane fått det føre seg at kryddersmaken ville fly ut glaset om

ein opna det, så innan fiskekakesteikegjengen oppstod det nokre tillop til fluktforsøk.

Om kvelden var det krabberaking i Krakhella for dei eldste elevane. Her vart det raka inn over 250 krabbar! Fleire foreldre var med, og nokre av elevane køyrde eigne båtar. Ein av foreldra utbraut på veg heimatt: «Nei, dette angrar eg ikkje på at eg vart med på!» Men koke- og knekkegjengen fekk seg arbeid neste dag...

Vi hadde teke sjansen på å invitere heile bygda til eit herleg festmåltid på skulen kl. 14-17, og då fredagen kom og alle sette maten på bordet, vart vi både letta og overraska over kor mykje og variert mat det vart til slutt. Dei yngste elevane hadde laga pair av både bær, sopp og frukt, noko vart middag og noko dessert. Dei eldste hadde laga silde- og makrellburgarar, i tillegg til grilla aure og kjø, og vi hadde rundstykke og flatbrød. Vi hadde dekkka eit langbord ute, og hadde ein jamn straum av bygdefolk.



## FJALER KOMMUNE



*Sørviskontoret hjelper deg.*

*Fjaler kommune  
Postboks 54,  
6961 Dale i Sunnfjord  
Tlf. 57 73 80 00  
Faks 57 73 80 01*

*Besøksadresse: Sørviskontoret,  
Fjalerhuset i Dale*

*E-post:  
post@fjaler.kommune.no*

*Nettside:  
www.fjaler.kommune.no*

*Teknisk vakt i helgane:  
951 83 515*

*NAV Fjaler:  
tlf. 57 01 58 00  
kl. 09.00 – 15.00 / heile året*

*Arbeidstid i Fjalerhuset/  
på Helsetunet:  
I tida 15. sept. til 14. mai: kl.  
08.00 – 15.45  
I tida 15. mai til 14. sept.: kl.  
08.00 – 15.00*

*LEGEKONTOR:  
tlf. 57 73 81 80*

*PÅ SØRVISKONTORET/  
ved biblioteket vil du finne kopi  
av sakspapir og møteprotokoll  
frå formannskapet og  
kommunestyret.  
Kommunale planar og  
offentlege høyringsutkast  
finn du også her.*



## Yksnebjør barnehage – «høgt og fritt»

Barnehagen vår ligg «Høgt og fritt», som og er visjonen/mottoet vårt. Nærmiljøet er omkransa av fin natur. Og sjølv om barnehagen vår ligg godt skjerma og idyllisk til, er sentrum og mykje lokal historie nær, og godt nytta. Innanfor barnehagen sitt gjerde har vi fine klatretre og utfordrande bakkar i ulendt terreng. Rett utanfor barnehageporten har vi gode turområde og flotte naboar, som vi og vil takke. Vi er ivrige besøkjarar i hønsegarden til Anne-Lise og Nils, og Lee og Gry, stor stas då Rasmus har hestar og føl på bøen. Vinterstid vert det mykje aking i bakkane og skigåing på bøen til Mildrid og Sigmund, vi har og fått sett opp lavvoen vår i flott terreng hjå dei. Så TUSEN TAKK til deke alle saman for gjestfridomen! Ein gjeng karar som er veldig populære hjå både små og store her oppe, er «jobbemannane» på drifts- og vedlikehaldssentralen. Vi ringjer og masar og dei fiksar og ordnar etter alle kunstens reglar. De er alle saman viktige brikker i eit viktig puslespel!

Takk òg til engasjerte foreldre som var med i byrjinga av prosessane med progresjonsplanane og «Skattekestene» våre. Vi har over tid utarbeida progresjonsplanar, dvs planar for kva borna skal innom på dei ulike årsstega, ut ifrå alle fagområda i bhg. Ein eittåring sine opplevingar skal vere ulik ein femåring sine. Og ved hjelp av progresjonsplanane

sikrar vi oss at alle «får alt», men at det er ein progresjon frå år til år. «Skattekestene» er ei samling kultur/tradisjonar vi ynskjer skal gå i arv. Det er eit utval sanger, sangleikar, dikt, rim & regler, som skal vere ein felles «skatt» alle som går ut frå Yksnebjør barnehage har med seg i «bagasjen»!

Så TUSEN TUSEN TAKK, til alle viktige samarbeidspartnarar for barnehagen vår!

### YKSNEBJØR-SANGEN

*Har du høyrte om Yksnebjør og barnehagen vår?  
Han ligg så høgt og fint med sjø og båtar nedanfor!  
Her leikar vi og kosar oss den heile dagen lang.  
Men av og til så likar vi å syngje ein sang.*

*Refr.: Gut og jente hei og hopp.  
Gut og jente hei og hopp.  
Gut og jente hei og hopp.  
I barnehagen vår der har vi det TOPP!!!  
OHH, YEAH!"*

*(Melodi: «Historien om dei tre små fisk».  
Tekst: Oddny Nygård)*



*Vi i Yksnebjør barnehage vil rette ei stor takk til BM Byggservice og Sjur Haugen, som tok utfordringa med å «innrede» lavvoen vår og lage sitjeplass utanfor! Her vert det mange fine stunder framover. Sjå berre kor flott vi har fått det!*

## Ungdommens kommunestyre 2010/2011

Onsdag 20. oktober vart det valgt nytt ungdommens kommunestyre i Fjaler. Ny ungdomsordfører er Sandra Høgheim Bratteli, varaordfører er Inger-Louise Hegbom og skrivar er Ramn Erstad - desse utgjer arbeidsutvalet i UK. Ungdommens kommunestyre (UK) skal gjere det mogeleg for ungdommar å oppretthalde aktivitetar, utvikle interesser og starte egne initiativ. Dei har 55 000 dei skal fordela til ungdomsaktivitet i året. UK er samansatt av ungdommar frå dei 4 ungdoms-og vidaregåande skulane i kommunen.



*Ungdomsordfører  
Sandra Høgheim Bratteli*



*Frå venstre Tom Inge Nedrebø, Vemund Holstad, Benedicte Sjøflot, Inger-Louise Hegbom, Ramn Erstad, Aditi Praitap Siingh, Sandra Høgheim Bratteli, Sofie Arstein og Silje-Marie Svartefoss.*

## Frivillig i eitt år



*European Voluntary Service (EVS)* er EU-kommisjonen sitt ikkje-formelle læringsprogram der ungdom frå 18-30 år kan vere volontør i eit anna land 2-12 mnd. I Fjaler er vi godt kjende med programmet og i haust kom fire nye volontørar til Dale:

*Taras* kjem frå byen Lviv i Ukraina. Han er 22 år og arbeider mest på kunstnarsenteret på Dalsåsen, litt på sjukeheimen, han spelar fotball med utviklingshemma pluss ulike oppgåver ved Frivilligsentralen. Seinare vil han arbeide med born og i barnehagen.

Taras har studert bankverksemd ved universitet og gått på militærakademiet. Han snakkar seks språk og

lærer seg både nynorsk og bokmål no. Han likar det norske samfunnet, men forstår det ikkje enno. Han set også pris på dei gode hjarta i lokalbefolkninga.



*Reinis* frå Latvia er 23 år og kjem frå byen Iecava, 40 km frå Riga. Han var ferdig med statsvitenskap på universitetet sommaren 2010. Han likar britiske parlamentariske debattar og sport. Reinis har spela basketball i meir enn 10 år. Han arbeider i Flekke skule- og barnehage og på Frivilligsentralen og med fritidsaktivitetar for utviklingshemma. Han tykkjer naturen er flott her med fjell og fjord, noko han ikkje har heime.

*Inga* kjem frå Haagen, Tyskland, og er 20 år. Før ho kom til Dale, var Inga ferdig med vidaregående skule og hadde lyst å tilbringe eit år i Noreg før ho startar på universitetet. Inga likar natur og sport og tykkjer folk er hyggelege. Ho har spelt badminton dei siste ni åra og ho likar alpint. Faktisk har ho vore på skitur i Noreg minst 15 gonger! Inga arbeider på Dale vgs kor ho hjelper til i kantina, på open skule og i språktimar.

*Angelique* er 28 år og ho har studert engelsk ved universitetet. Ho kjem frå Nice i Frankrike, men ho har også budd i Glasgow, Skottland. Angelique likar å ete «haggis», vere på fisketur og å høyre på rockemusikk. Her i Dale jobbar ho på kontoret til Frivilligsentralen, på Fjaler ungdomsskule, på biblioteket, i Yksnebjør barnehage og litt på sjukeheimen. Det ho likar med Noreg, er naturen, språket og skillingsbollar!

**HEILT GRATIS!** Har du lyst å gjere som Taras, Reinis, Inga og Angelique? Reise til eit anna land og gjere ein frivillig innsats? Det kan du og det kostar deg ingenting! Ta kontakt med Frivilligsentralen som kan hjelpe deg på veg. Sjå også [www.aktivungdom.eu](http://www.aktivungdom.eu)

Har du bruk for frivillige som kan ta i eit tak? Dugnad, ryddesjau, kanskje også t.o.m. på dagtid? Volontørane kan hjelpe til, berre dei lærer noko av det og ikkje tek plassen til eit betalt arbeid.



# BLI MED PÅ mgrp lOkal

Meir info på  
facebook-sida:  
MGP Florø

## ER DU MELLOM 10 og 17 ÅR og LIKAR Å SYNGE? DELTA på Melodi Grand Prix LOKAL i Fjaler!!

MGP Lokal er eit eige fylkeslokalt Melodi Grand Prix for barn og ungdom der vi inviterer sangtalent frå heile fylket til å delta. 5 vinnarar av MGP Lokal vil få opptre for 2500-3000 menneske før den direktesende Melodi Grand Prix Delfinalen i Florø laurdag 22. januar!

Er du ungdom i Hyllestad, Askvoll, Solund, Fjaler eller Gulen så meld deg på MGP Lokal i Fjaler. Konkurransen blir arrangert på United World College laurdag 15. januar kl 16.00.

### Du gjer:

Send ei lydfil eller ein CD med ein låt du har sunge inn - det er heilt flott å sende inn coverlåtar, men du kan også sende inn låt du har laga sjølv.

### Du sender den til:

Ingeborg Tysnes:  
ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no  
Ingeborg Tysnes, Fjaler kommune,  
pb 54, 6961 Dale i Fjaler.  
Ingeborg Tysnes har telefon: 57 73 80 44.

### OBS!

Hugs å setje på namnet ditt og kontaktinfo på det du sender! Du må sende inn bidraget ditt **innan 5. januar 2011!**

Om du går vidare til konkurransen vil du og 10-12 andre opptre for eit stort publikum. Då må du i tilfelle ha med deg ein eigen singback-CD - det vil seie at du syng i mikrofon oppå musikken som ligg på CD. Du/de kan opptre solo eller som gruppe med frå 2 til 4 pers. Vi vil kåre 3 vinnarar frå Lokal-delfinalen i Fjaler. Det blir tatt opp video og lydopptak av desse 3 som blir lagt ut på NRK Sogn og Fjordane sine heimesider. Der vil også 9 andre vinnarar frå fylket bli lagt ut. Publikum kan så stemme på sine favorittar på nrk.no/sfj frå 18. januar.

Dei 12 vinnarane frå dei 4 MGP Lokal-konkurransane møtest i ein MGP Lokalfinale i Florø fredag 21. januar før den store NRK-direktesende delfinalen i Florø laurdag 22. januar. MGP-progamleiarane Per Sundnes og Anne Rimmen, samt Solveig Hareide, vil leie denne MGP Lokalfinalen! Der vil du også møte dei MGP-artistane som skal opptre på tv-sendinga frå Florø. 5 av desse 12 ungdomsvinnarane får opptre for 2500-3000 menneske i Florø Idretts-senter på sjølve MGP Delfinalen laurdag 22. januar i Florø Idrettssenter! Dei 5 bidraga som går vidare vil blir avgjort på grunnlag av innsende røyster på nrk.no/sfj, sms-røyster frå publikum og ein fagjury.

Dei 5 bidraga vil opptre i timen føre den NRK-direktesendte delfinalen i Florø, og dei vil TV-produserast på normalt proft vis! Så både vinnaren og dei 4 andre bidraga vil ha eit fantastisk minne festa på film.

Premie til vinnaren er ei fri reise og opphald for 2 pers til den store MGP-finalen i Oslo Spektrum laurdag 12. februar!

**Så ikkje nøl - ring, send epost og send bidrag innan 5. januar 2011!**

## Bibliotekinfo

### Bøker og filmar på andre språk enn norsk

Har du eit anna morsmål enn norsk? Biblioteket har mulegheit til å låne inn bøker på andre språk frå Det flerspråklige bibliotek (DFB) i Oslo. Per dags dato har DFB bøker og filmar på ca 40 språk. Du kan enten søke i nettkatalogen deira og finne dei bøkene du vil lese, eller biblioteket kan bestille ei lita samling som du kan låne ei eller fleire bøker frå om gongen. Sjekk om du kan låne bøker på ditt morsmål på [www.dfb.deichman.no](http://www.dfb.deichman.no), eller kontakt biblioteket. Og hugs at det er gratis å låne på biblioteket.

### Litt om fjernlån

Dei fleste veit sikkert at det går an å låne frå andre bibliotek viss Fjaler folkebibliotek ikkje har akkurat det du er ute etter. Det kanskje ikkje så mange veit, er at det er muleg å levere materiale du har lånt på andre bibliotek hos oss viss du ikkje har mulegheit til å levere det tilbake der du lånte det. Men hugs då at lånet ikkje vert registrert som tilbakelevert før eigarbiblioteket får boka tilsendt. Er det noko du lurar på gjeldande dette er det berre å ta kontakt.

### Nytt på meldingsfronten

I haust har Fjaler folkebibliotek oppgradert biblioteksystemet sitt. Bibliotekbrukarar på Guddal og Straumsnes vil ikkje merke så mykje til denne endringa, men for dei som brukar hovudbiblioteket gir det nye systemet nye mulegheiter.

#### Meldingar på SMS og e-post

Mange har kanskje fått hentemeldingar på SMS og e-post frå biblioteket tidlegare. No vert dette sendt automatisk direkte frå bibliotekprogrammet. Det vil seie at du kan få både hentemeldingar, purringar og varselmeldingar tilsendt på e-post og SMS. Raskt og effektivt!

#### Nytt tilbod: Varselmeldingar

Mange tykkjer det er vanskeleg å hugse på når lånetida er ute. No får alle som har registrert e-post eller mobilnummer varselmelding ein dag før forfallsfristen. Fin måte å bli minna på at ein enten må levere tilbake eller fornye lånet.

#### Purringar

Vil også nytte høvet til å minne om at det er gebyr på purringar.

**1. purring:** Vaksne, kr 25,- (for dei som har registrert e-post eller mobilnummer er første purring kr 0,-). Barn kr 0,-

**2. purring:** Vaksne, kr 50,-. Barn kr 25,-

Om du vil registrere e-post eller mobilnummer kan du gjere det på nettsidene til biblioteket (Meg & mitt) eller kontakt biblioteket.

### FJALER FOLKEBIBLIOTEK - OPNINGSTIDER OG KONTAKT

Hovudbiblioteket i Dale, Fjalerhuset

Tlf. 57 73 80 17

Biblioteksjef Mette Rysjedal

Nye opningstider frå 1. april:

Tysdag og fredag kl 10.00 – 15.30

Torsdag kl 13.00 – 19.00

Straumsnes filial i grendahuset v/ Hjørdis Åsnes

Tlf. 57 73 51 13

Onsdag kl 15.00 – 18.00

Guddal filial i grendahuset v/ Lilly Ødemark

Tlf. 57 73 88 40

Onsdag 13.00 – 16.00

Søk på: [asp.bibits.no/fjaler-fb](http://asp.bibits.no/fjaler-fb)

OPNINGSTIDER FOR ROMJULA:

Biblioteket held stengt julaftan og nyttårsaftan

Endra opningstider rundt jul:

torsdag 23. desember: 10–16

tysdag 28. desember: 11–15

torsdag 30. desember: 11–15

## Frå nett til papir: Korleis bruke origo og få ting kjent i Firda på Det skjer-sidene

Arrangement i Fjaler til Det skjer-sidene i Firda registrerer du på <http://fjaler.origo.no>. I nettutgåva er det plass til alt, i papirutgåva vert det eit redigert utdrag, men Firda tek med så mykje som mogeleg. Men les her for å gjere heilt rett:

Start i fjalersonen (adresse over), men nb! hugs å hake for roper, då kjem det på Fjordaglimt og dermed rett til papirutgåva i Firda. To-tre fluger i ein smekk! Om du ikkje har registrert deg, må du gjere det først. Somme skriv berre på Fjordaglimt og då druknar informasjonen mellom alle arrangement i heile Sunnfjord. Så hugs å starte i Fjaler! Det er også smart å ta ansvar for arrangementet ditt sjølv, så er du sikker på at det vert rett. Då kan du også redigere det seinare om det vert naudsynt! Lukke til!

Kontakt Frivilligsentralen om du treng hjelp på vegen!

## Fjaler hundeklubb

Fjaler hundeklubb har vore nedlagt i nokre år, men er no i full aktivitet att. Klubben har alt mange medlemmer, men tar gjerne mot fleire! Klubben har tilbod om hundetrening ved Sunnfjord Energi sine lokale ved Hålandsfossen kvar måndag kl. 19.00. Hundane er delte i to grupper, ei gruppe for kvalpar og ei for vaksne hundar der hundane får sosialtrening og lydighetstrening. Etterkvart vil det og bli tilbod om m.a. sportrening.

Ta kontakt med Eivind Antonisen, tlf. 90 62 19 68 for meir informasjon.

*Pepper, hunden til Sirpa.  
Foto: Roger Ellingsen  
www.sjaa.no*



## Fjaler ettersøksring



Fjaler er ein av dei største hjortekommunane i landet og har sin eigen ring som driv med ettersøk etter storvilt. Ettersøk vil seie at vi leitar etter hjortevilt som anten er skada ved jakt eller påkørsel.

Alle som skal gå på jakt etter storvilt pliktar å ha tilgang på godkjent ettersøksekvipasje før dei startar jakta. Når ein er på jakt og avfyrrer skot mot eit dyr og ein ikkje finn dyret på marka der det blei påskote, skal ein i utgangspunktet rekne med at det var eit treff på dyret inntil det er stadfesta at dyret med sikkerheit ikkje blei treft. Då kallar jegerane ut ettersøkshund for å kunne anten finne dyret eller sjekke med sikkerheit at ikkje dyret ligg skada i nærleiken. Alle hundar er i utgangspunktet godt eigna for å kunne bli trena fram til godkjent ettersøkshund.

I Fjaler har vi for tida 6 godkjente ekvipasjar, men på grunn av at nokon har vore skada o.l. , er det berre 3 ekvipasjar

som har vore i full drift denne sesongen. Så for tida framover er rekruttering ein viktig del av arbeidet til ettersøksringen. Vi er avhengig av å ha tilgjengelege ekvipasjar skal vi klare å halde oppe tilbodet ringen gjev til jegerane i kommunen. Er du jeger og har i tillegg hund, så er det ei fantastisk trening for hunden å kunne spore. Men der er sjølv sagt også plass til andre enn jegerar i ettersøksringen. Å drive sportrening er noko som alle kan gjere, unge som gamle – menn og kvinner. Dette er generell kontakt- og sosialiseringstrening av alle ulike hundarasar. Dei brukar å ha ei økt for kvalpar og unghundar, og ei for eldre hundar. Du kan kontakte Eivind Antonissen eller Signe Nordbotten for meir info om denne treninga. Er du interessert i å gå vidare med å trene spor, så vil Eivind eller Vidar Samuelsen hjelpe deg vidare. Du finn info alt om dette på Facebook.


Viltneymnda og ettersøksringen yter også økonomisk bistand til dei som ynskjer å skaffe seg hund og trenar den fram til aktiv teneste i ringen. Sjølv om det å vere med i ringen stort sett er basert på dugnad, så har vi litt betaling. Vi får ei lita vaktgodtgjersle dei dagane vi har vakt og vi får løn når vi blir kalla ut på oppdrag. Så du kan rekne det slik at hunden held seg sjølv med mat og forsikringar og utstyr når den er med som aktiv ettersøkshund i ringen. Men det viktigaste er at det er eit naudsynt og viktig samfunnsnyttig arbeid å drive med ettersøk, samt ei fantastisk trening både for hund og førar.

## Hovudplan for skogsvegar

I samarbeid med fylkesmannen si landbruksavdeling er det no utarbeidd eit framlegg til hovudplan for skogsvegar for kommunen. Så snart dette framlegget er digitalisert vert det lagt ut på fylkesatlas: [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) (sjå under landbruk, venstre kolonne) I skrivande stund er det usikkert kor tid, men truleg vert det med det aller første.

Planen vil vise ei skisse til vegløyning saman med dekningsområde for vegen. I dette framlegget er det teke utgangspunkt både i hogstmogen og veksande skog. Her er lagt opp til å få fram rasjonelle vegløyningar som går på tvers av eigedomsgrensar der det ligg til rette for det.

Vi gjer spesielt merksam på at dei vegane som er med i planen, må planleggast og gjevast byggeløyve til på vanleg måte. Men planen vil vere med å gje signal om kva vegløyningar det både vert gjeve løyve til å bygge og likeeins kva vegar som vil få tilskot. Det er viktig å få tilbakemelding på dei føreslegne løysingane. Her kan vere løysingar som bør endrast, eller bør vere heilt annleis, og ikkje minst, her kan mangle vegar som absolutt bør vere med.



Skogsveg i Sagevika

## Gardskart - litt førebels informasjon om oppretting i Fjaler

Som mange av dykk kjenner til, ligg det i dag tilgjengeleg kart over alle landbruks-eigedommane i kommunen på Skog og landskap sine heimesider på denne adressa: <http://gardskart.skogoglandskap.no/ngnijos/search?action=none>. Her kjem de inn i eit søkjebilete der de skriv inn kommune-, gards- og bruksnr. (kommunenr. for Fjaler er 1429). For nokon kan det også vere aktuelt med festnr. Det er sikkert mange av dykk som har oppdaga at karta kan innehalde fleire feil.

På etterjulsvinteren 2011 vil alle som eig landbrukseigedommar få tilsendt ei utskrift av dette gardskartet over sin eigedom. Kartet de får tilsendt er eit ortofoto. Det er det same som de finn på ovanfor nemnde heimeside når de har henta fram kartet og klikka på «ortofoto» i venstre kolonne. Med denne utsendinga vil de få nærare informasjon om kva de skal gjere vidare.

Det er viktig at kartopplysningane vert retta opp. Produksjonstillegget vert frå 31.7.2012 -s øknadsomgangen tildelt med grunnlag i arealopplysningane i dette kartverket.

## Informasjon og ynskje for brøytesesongen 2010/11

Alle brøytarane har instruks som tilseier at det ikkje skal brøyttast før det er 5 cm våt snø eller 10 cm tørr snø. Dette for å unngå unødig, kostbar brøyting av små snømengder. Vegane skal være brøyta før snøen når høvesvis 10 cm våt snø og 15 cm tørr snø.

Brøyting skal normalt ikkje utførast mellom 21.00 og 04:30. Retningslinene for mengde snø kan då bli overskridne, men vegen skal til eikvar tid vere køyrbar. Kommunal veg skal vere gjennombrøyta før morgontrafikken startar, dvs ca 06:30.

Private vegar med kommunal brøyting og rydding av vegkryss vil bli rydda fortløpande etter hovudvegane.

For at kommunen skal få utført brøyting på ein god måte må vi ha hjelp frå innbygarane. Du kan hjelpe oss med følgjande:

- Lat vegstikkene som er oppsette stå i fred og set opp vegstikker på private vegar som har krav på brøyting.

- Skog, kratt, tre o.l. må ryddast vekk slik at det ikkje skadar brøytereiskapane under brøyting.
- Parkering av bil, tilhengar, campingvogn og liknande må skje på eigna stad og slik at det ikkje skapar vanskar for brøytinga. Kommunal veg er ikkje parkeringsplass og parkeringsplassar skal ikkje nyttast som lager.
- Gjerde, hekkar, murar, o.l. er ofte ei utfordring for sikt og brøyting. Kommunen treng min. 1,5 meter til veggroft og snølager langs vegane.
- Vis omsyn på vinterføre med plassering av kjøretøy, avpassing av fart og tenk sikkerheit for deg sjølv og andre vegfarande.
- Spørsmål eller problem? Kontakt Fjaler kommune v/Øvind Helle, tlf. 57 73 80 45 el. vaktltf. 95 18 35 15.

Teknisk kontor ynskjer alle ei kvit, triveleg jul med passe mengde snø, brøyta vegar og godt sparkeføre. God jul til deg og dine!

# Tettstadsprosjektet

## «Lys i Dale»

Birgitta Ralston informerte om prosjektet «Lys i Dale» i kommunestyret 8. november og på ope møte på Transplant i regi av FUTT i Fjaler.

Rett lyssetting kan skape gode og spennande opplevingar i den mørke årstida og gjere det tryggare å ferdast ute. Ein bør leita fram karakteristiske element, landemerke og bygningar som kan få fram bygda sin eigenart. Lys kan også brukast som retningsvisarar og kan opne opp nye rørslemønster.

Med støtte frå Kulturrådet, tettstadsmidlar og kulturmidlar frå fylket og Den kulturelle spaserstokken har Transplant hatt eit samarbeid med fokus på tettstaden/bygda Dale.

Gjennom prosjektet Delta lenger har ein samla ei gruppe eldre til workshop med kunstnaren Charlotte Grum og 5. klasse ved Dingemoen skule har vore med og kartlagt stadar i Dale. Designarar frå Transplant har samla resultat i ein samla plan som tar for seg tiltak som kan gjera Dale tryggare og trivelegare.

Litt av utgangspunktet for samarbeid



Lysarmaturet «Shrooms»

det var å sjå på området mellom banen og kommunehuset – men samarbeidet har resultert i eit mykje breiare fokus der også trafikktryggleik er ein viktig faktor.

Ralston&Bau har også samarbeida

med lysprodusenten Luminator som skal produsere eit eige lysarmatur som Ralston&Bau har designa med bakgrunn i dette prosjektet. Fjaler kommune vil freiste å finne finansiering for å verkeleggjere denne planen.



Lys gjer det tryggare å ferdast ute om kveldane.

## FUTT i Fjaler informerer:



Det er travelt, men sikkert også veldig moro, å vere helsesøster Hilde Søgner for tida - med gode fødselstal hittil i år i Fjaler. Pr. ca. 18. november har ein fått rapportar om 36 fødte i kommunen, i tillegg har ein fått tilflyttarar med små babyar.

FUTT i Fjaler-gruppa vart sett på som litt i overkant optimistiske då vi bestilte 40 bodyar til utdeling – men no har vi sendt inn ei etterbestilling på 5 for å vere heilt sikre. Alle skal få!

*Ope møte 11. november på Transplant:*

FUTT i Fjaler heldt ope møte med vidare utvikling i Fjaler som tema. Vel

40 personar møtte. Birgitta Ralston informerte om prosjektet «Lys i Dale». Sjå meir informasjon side 25.

Connie Hovland frå teknisk kontor hadde litt «vaksenopplæring» på kvifor vi lagar kommunale planar og korleis vi som innbyggjarar kan kome med innspel.

Vegard Strand delte av sin erfaring både som grunneigar og som utbyggar. God og tidleg nok informasjon frå kommunen når ein planlegg er stikkord som vart teke med vidare.

*Nye tiltak:*

FUTT i Fjaler fekk for 2010 kroner 50 000 frå kommunestyret til gode tiltak for folketalsutvikling, trivsel og trygghet. Vi lover å ikkje ligge på latsida i 2011 heller – og skal prøve å markere oss både internt i kommunen og utover.

*Geir Grytøyra, Linda Hovland, Rune Dale, Ainor Fristad og Ingeborg Tysnes*



## Fjaler fekk folketalspyramide i gåve



I kommunestyret 8. november avduka og overrekte fylkesdirektør for kultur Ingebjørg Erikstad befolkningspyramiden «Age of the World pyramids» til Fjaler kommune på vegne av kunstnaren. Kunstverket består av ein skulptur i 3D med ein ring for kvar alder frå 0-100 i Noreg – i tillegg illustrasjonar av korleis desse ser ut for Fjaler (sjå bilete under) og for Europa.

Kunstverket er laga av Mathieu Lehanneur basert på tal frå 2008 og er no utstilt i kommunestyresalen.

Kunstverket var ein del av utstillinga Delta lenger som var utstilt på Transplant i sommar. Sjå også [www.mathieulehanneur.com](http://www.mathieulehanneur.com)




## BRU-treff i Bergen

### – kjem ungdommane heim?

Fredag 29. oktober vart det arrangert BRU-treff i Grand selskapslokaler i Bergen sentrum med ungdommar frå Askvoll, Hyllestad og Fjaler. Det er fyrste gong vi samarbeider med Askvoll og Hyllestad om dette – tidlegare har det vore reint Fjalertreff.

Det var godt oppmøte av ungdom som fekk med seg sirkulering blant bedriftsstands, informasjon frå ordførarane, innlegg frå Lutelandet Offshore og Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg hadde tre ungdommar frå Holmedal – som representerte fotballaget Krabbetor eit godt innlegg. Litt av oppfordringa gjekk på at dei tre kommunane må samarbeide meir for slik betre å fungere som eitt bu og arbeidsområde.

Det var ein positiv stemning og positive ungdommar – men kor mange av dei som faktisk flytter til der dei sette nåla – ja det gjenstår det å sjå....



Ein litt uhøgtideleg måte å finna ut kor ungdommane ynskte å busette seg dersom det vart aktuelt...



BRU-treffet vart ein viktig møtestad for store og små



Askvoll sjømat og delikatesser var ein av fleire næringsdrivande med stand på treffet



Tor Einar Erikstad, Bjørn Helle og Svein Erik Hansen



To blide jenter frå Fjaler sjekka dei spesiallaga t-skjortene

Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord

# Å jul med di glede...

**Konsert på Transplant** 10. des. kl. 21.00 med Guro von Germeten, trekkspel og song. Billett kr 300 på førehand/kr 350 i døra

**Julekonsert i Folkestad kapell** 12. des. kl. 19.00 med Do Re Mi, Fure og Våge Songlag m. fl. Kollekt til Strømme-stiftelsen. Arr. Fjaler sokneråd.

**Julekonserten i Dale kyrkje** 14. des. kl. 19.30 Med Cantus, Dekor, Dale musikkorps, Fjordklang, Dalsfjorden spelemannslag, Flekke og Straumsnes musikkorps, Lagopus m.fl. Kollekt til Fond for kyrkjekonsertar. Arr. Fjaler sokneråd.

**Førjulsfest på Transplant** 17. des. kl. 22.00–02.00

«Den store kongen» av M.L. Takle i Dale kyrkje måndag 20. desember kl. 18.30 med Dingemoen skule sine elevar i samarbeid med kulturskulen.

**2. juledagstur på Hellevik.** Oppmøte kl. 12.00 på Holt. Lett tur til bålplassen. Servering av kokekaffi og sjokolade rett frå kjelen. Ta med litt å bite i, vener og kjende og godt humør! Arr: Hellevik idrettslag

**Dans på Kroa i Dale** 2. og 4. juledag med «Totto and the Love Makers» kl.

22.00–02.00. Totto Kristiansen, Geir Rogne, Arild Seim, Helge Nyheim og Kåre Sandvik spelar tidlause låtar frå «The Golden Era of Rock'n Roll» servert med trøkk, overskot, ærefrykt og glimt i auget! Arr: Open Scene AS

**Dale ungdomslag** lagar til familiefest 3. juledag med program, mat og dans i Trudvang.

**Dans på grendahuset på Våge/Grytøyra** (Framtun) 3. juledag. Shamrock Lads spelar kl. 22.00–02.00. Billett kr 120,-. Arr. Framhug ungdomslag.

**Den årlege julebasaren** 4. juledag kl. 15.00 til Våge kvinne&familielag er i grendahuset på Grytøyra.

**Juletefest i Vonheim** 4. juledag kl. 15.00. Juletegang, julenisse, mat og kaffi. Arr: Flekke ungdomslag.

**Julefest på Ljosheim** 5. juledag kl. 17.00. Julespel med Laurdagsklubben. Julekaker, brus/kaffi og juletegang. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet. Arr: Fjaler sokneråd.

**Tradisjonell juletefest** 5. juledag i Straumsnes grendehus for heile



Frå julemessa på sjukeheimen 28. nov.

familien. Program, mat og juletegang. Og kanskje kjem nissen? Tidspunkt vert å finne på oppslag når det nærmar seg jul. Arr: Straumsnes ungdomslag

**5. juledagsfest på Fine Fruers Pub, Hellevik** med «Honky Dory» kl. 21.00–02.00

**Romjulsfest på Transplant** 4. og 5. juledag kl. 22.00–02.00

**Julekafe med brunsjmeny på Transplant** 4.–6. juledag kl. 11.00–16.00

**Juletefest på Ljosheim** 3. jan. kl. 18–20. Arr.: Dale bygdekvinnelag

For gudstenester og andre konsertar i bedehusa og kyrkjene, sjå kyrkjebladet for Fjaler og [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Opningstider sørviskontoret  
mellom jul og nyttår:  
Julaftan og nyttårsaftan: 9-12  
Kvardagar i romjula: 10-14